

Ungdomsskulen på Sandnes skule

Masfjorden Ungdomsfond

20.10.2023

SØKNAD OM STØTTE

Ungdomsskulen ved Sandnes skule ønskjer å få til fleire ettermiddagsaktivitetar for ungdommar frå 13-19 år i Masfjorden kommune. Ein idé me har lyst til å få til, er å arrangera idrett-, film- og spelkveld. Planen er at me kan ha ulike idrettar i gymsalen, det kan vera moglegheit for å sjå film på musikkrommet og ein kan spela brettspel og dataspel på biblioteket. Me tenkjer i tillegg å ha ein liten kiosk med noko mat og snacks.

Når det kjem til utstyr, så har skulen det meste. Det einaste me treng å kjøpa er nokre brettspel, og/eller mat til kiosken. Dersom me får støtte til kiosken, så kan me prisa maten lågt, slik at alle ungdommene har moglegheit til å vera med.

Formålet med denne kvelden er å få samla mange ungdommar i kommunen vår og ha det kjekt i lag. Det er viktig at me har møtepunkt og kan bli kjent med alle i heile Masfjorden.

Vennleg helsing

Ungdomsskulen på Sandnes skule